

Stor suksess med "Hopp i havet" og andeslepp

14.06.2008



Båthamna var som eit fugleberg då det var klart for "Hopp i havet". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei to innslaga som runda av "Aktivitetsdagen" laurdag toppa den også. – dei var så vellukka og slo så godt an at dei bør gjentas neste år. Heldigvis er ikkje omsetnaden så stor at Lotteritilsynet" blandar seg inn. For dei har utruleg nok blanda seg inn i andeslepp, som dei tydelegvis ikkje likar sjølv om dette burde vera relativt uskuldgeg moro.



Ivar Gundersen slepp endene ved Djupehølen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men "Hopp i havet" kan ingen ha noko i mot og dette Uskedalens svar på "Ta sjansen" i Holmenkollen bør bli ein klassikar i båthamna, Debut-tevlinga avslørte stor kreativitet og fantasi. 10 ekvipasjar/farkostar stilte opp og medan Ølve Industrier var klart raskast fram til bjella med sin lynraske, spesialkonstruerte farkost fekk SPAR førsteprisen for kreativitet og Arvid Hjelmeland for optimisme.

Rune Hjørnevåg stilte forresten opp med den same "båten" som Ølve og vart den nest raskaste.



Ingeborg, Maren og Karsten Bjørnebøle hadde den raskaste anda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den tekniske tilretteleggjing og avvikling var framifrå, speaker Bjarte Døssland nesten profesjonell og båthamna var som eit fugleberg under tevlinga. Det skulle ikkje undra oss om rundt 500 kransa hamna.



Juryen meinte SPAR hadde den mest kreative farkosten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Her er tidene til dei 10 som var med: 1. Ølve industier 8,44 2. Hjørnevåg 11 3. SPAR 15 3. Soldal Industrier 15 6. Damevennene 17 7. Oppvekstsenteret 18 8. Idrettslaget 19 9. Utdringslaget 28 10. Arvid Hjelmeland 52.



- Hjelp, eg søkk! (Foto: Knut A. Myklebust)

Også andesleppet var godt planlagt og gjennomført. Mannen bak ideen, fotballgrupeleiar Ivar Gundersen, slapp dei 230 endene ved Djupehølen og litt under eit kvarter etterpå passerte den første under målsnora nedanfor

brua. Kvar and kosta 50 kroner og det vart ein pen og fortent slant til fotballen i bygda. Ingeborg, Maren og Karsten Bjørnebøle hadde den raskaste anda.



Raskast fram til bjella. (Foto: Knut A. Myklebust)

Av Ola Matti Mathisen



Idrettslaget profilerte det dei driv med. (Foto: Ola Matti Mathisen)

